

17. mai 2008 med overskot på 9.000

19.08.2008



17. mai 2008 gjekk knirkefritt, understrekar styringsgruppa. Har passerar toget båthamna. (Foto: Ola Matti Mathisen)

17.mai 2008 i Uskedalen vart avvikla med eit overskot på 9.000 kroner og og komiteen bestemte å gje 3.000 til kvar av desse føremåla:

- * Kjøp av trådløs mikrofon i Aktivitetshuset.
- * Skulemusikken.
- * Elevrådet, som skal nytte pengane til uteområdet.

Til medlemmer av styringsgruppa for 17. mainemda for 2009 er vald Tor Edward Taranger, Erlend Moen, Bjarte Døsland og Helene Huse Bjørnebøle.

Dei tre første sat også i styringsgruppa for 2008 medan Huse Bjørnebøle er ny. Ut av styringsgruppa går Kjersti Rød Bråtun og Svanhild Haugland.

Styringsgruppa vil rosa alle undergruppene for god innsats. Alt gjekk knirkefritt under arrangementet for 2008..